



Møtereferat - planforum 03.09.2014

Stad: Storehagen Atrium i Førde, Fylkeshuset på Leikanger

Referent: Torbjørn Hasund

Kl. 09:00 Statens vegvesen / Førde kommune. Planoppstart gs-veg langs fv. 484 Vievegen og planlegging og utbygging av Førdepakken

Til stades: Arve Seger – Førde kommune, Terje Næss, Jens Otto Hestad - Helse Førde, Dag Endre Stedje, Gunn Tove Nyheim - FM miljøvern, Oddgeir Aardal – FM landbruk, Ingar Hals, Marit Anita Skrede, Åsne Helleve - Statens vegvesen, Knut Åland – FK KA, Ole Ingar Hæreid, Trond Sundby, Torbjørn Hasund – FK PSA.

Ingar Hals – gjennomgang av dei 2 sakene. Planoppstart GS-veg langs fv. 484 Vievegen, og generelt om planlegging og utbygging av Førdepakken.

Gang- / sykkelveg langs fv. 484 Vievegen

Hals – meiner det ikkje er krav om KU, med grunnlag i dei undersøkingane som har vorte gjort i tidlegare overordna planarbeid. Problemstillingane er mellom anna knytt til flaumområde, og område verna etter kulturminnelova rundt sentralsjukehuset. Også landbruksjord. Det er det formelle KU-løpet SVV ønskjer å unngå, ikkje naudsynte utgreiingar.

Stedje refererte frå KU-forskrifta § 3, andre ledd der det står at «Bokstav B gjelder ikkje reguleringsplaner for tiltak der konsekvensane av det konkrete tiltaket er tilfredsstillande utredet på overordna plannivå, og der reguleringsplanen er i samsvar med overordna plan...»

Åland – området rundt sjukehuset er verna og Åland bad SVV ta kontakt med Riksantikvaren. Skrede – har alt vore i kontakt med Riksantikvaren, førebels signal er at dette ikkje er ei veldig stor sak for RA. Stedje – foreslo at moglegheit at FM juridisk avdeling, ved Arnt Erik Nordheim, gjer ei vurdering av problemstillinga og gjev rask attendemelding.

Aardal – er det sett på andre alternativ for GS-veg? Hals - det er det sett på i forprosjektet, og det er valt GS-veg langs eksisterande trase, ikkje aktuelt med flytting av veggen.

Seger – flaumproblematikk må diskuterast spesifikt med NVE.

Hals – omsyn til verna område, vegen må tilpassast verneområdet (bygningvern) sak mot Riksantikvaren. Tilpassing av anlegget i terrenget, bruk av tilpassa lysarmatur ser ut til å vere tiltak som vernemyndet kan godta..

Førdepakken generelt

Ingenting med omlegging av E39 å gjere, dette er eit sentrumstiltak. Bompengesøknaden er forventa å bli handsama i Stortinget no i haust eventuelt til våren 2015, oppstart med bygging av bomstasjonar og dei høgast prioriterte tiltaka hausten 2015. 20 tiltak, det eksisterer reguleringsplanar på rundt 5 av dei. Mykje planarbeid, oppstart i løpet av neste år. Tunge tiltak er mellom anna GS-veg langs Angedalsvegen og opprusting av Hafstadvegen. Sykkelbyavtalen er også eit grunnlag for dette arbeidet.

Sejer – prosjekt med kostnadsramme 1,5 milliard, der 1 milliard går til GS- vegar. Oppstart vert før stortingsvedtak og tiltak før vedtak vert finansiert gjennom løyve til å forskotere midlar. Sundby spurte om kjøpesenter på Brulandsvollene. Sejer – desse planane kjem i tillegg, området vert behandla i samband med kommuneplanen.

Hals – Prioritet 1 er bru over Jølstra ved Førdehuset. Her føreligg det reguleringsplan. Prioritet 2 er fv. 484 Vievegen. Den har ikkje reguleringsplan, og det er derfor vi har starta det planarbeidet allereie no før Stortingsbehandling.

Omsynet til flaum, og til omsynet til Jølstra og Anga vert viktige føringar i arbeidet

Sejer – Førde fjernvarme skal ha ein del felles trasear med vegtiltaka. Kontakt og dialog for samordning er oppretta. Styringsgruppa for Førdepakken vil kunne omprioritere tiltaksrekkefølge

Eventuelt

Arbeidet med veg og tunnel mellom Vik og Vangsnes er i rute. Det er ikkje avdekkja dei heilt store problemstillingane. SVV klarer ikkje å ha dokumentasjon klart til 14 dagar før møte den 17. september. Møtet vart bestemt avlyst.

Slutt 09:45